



Notat

Dato: 19.12.2014
Arkivsak: 2014/19523-17
Saksbehandlar: maraskv

Til: Ronny Skaar
Frå: Marianne Ose Askvik

Samarbeid om UKM Hordaland 2015. Vurdering.

Gjennom 25 år har Ungdommens Kulturmønstring (UKM) utvikla seg til å bli det som i dag ses som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM Hordaland er godt forankra og Hordaland fylkeskommune har hatt ansvar for gjennomføring av den årlege fylkesmønstringa.

Hordaland barne- og ungdomsråd (Hbur) har gjennom 22 år arrangert fylkesmønstringa på vegne av Hordaland fylkeskommune. Dagleg leiari i Hbur, Astrid Marthinussen, har stått fram med arbeidet i alle desse åra og avsluttar i år sitt arbeid då ho går av med pensjon.

Fylkeskontakt for UKM Hordaland frå hausten 2014 er Marianne Ose Askvik, spesialrådgjevar ved Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Fylkeskontakten vil fungere som mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt. For tilskipinga av fylkesmønstringa for 2015 er det ønskje om samarbeid med ein teknisk arrangør som er med i planlegging og gjennomføring av denne.

Hordaland fylkeskommune jobbar aktivt med å vidareutvikle UKM-arbeidet og vil at Hordaland skal stå fram som eit stolt UKM fylke. Fylkesmønstringa 2015 vil markere mykje nytt, mellom anna at arena er flytta frå Grieghallen til USF Verftet og at deltakarar kan melde seg på ulike workshops. Deltakarane skal oppleve mønstringa som ein stad å oppleve mykje fint, møte andre som likar å gjer det same, og utvikle seg. Hos ein samarbeidspartner om det tekniske arrangementet er det naudsynt at denne viser vilje til vidareutvikling, eit aktivt kulturarbeid på feltet for barn og unge, god kapasitet og lengre erfaring med denne type arrangement. Sistnemnte er viktig med omsyn til unge arrangørar under fylkesmønstringa.

Hordaland fylkeskommune utforma i haust ei skriftleg avtale for ein teknisk arrangør, der det m.a. står at HFK vil stille til råde ei godtgjering på 100 000 kroner til teknisk arrangør for gjennomføring av UKM fylkesmønstringa. Utkastet av avtalen har vore diskutert med Hbur i to møter (7.10.14 og 4.11.14) og med AKKS (11.11.14).

I møte med Hbur deltok seksjonsleiar Ronny Skaar, Marianne Ose Askvik, og Øystein Rambjørg (styreleiar i Hbur) og tilsette i Hbur (7.oktober var Kristin Frotjold tilstade, og 4.november var Astrid Marthinussen tilstade). Detaljar rundt avtaleforslaget vart diskutert på første møte og Hbur ville komme attende etter ei vurdering av denne. I neste møte (4.11.14) vart forslaget diskutert på ny og Hbur fremma eit krav om ei auke i honoraret på 60 %. Møtet vart avslutta med at Hordaland fylkeskommune skulle komme attende med

ei tilbakemelding. Tilbodet frå Hbur vart stadfesta i e-post datert 14.12.14 med ei konkret sum på 160 000 kroner.

I møtet med AKKS deltok seksjonsleiar Ronny Skaar, Marianne Ose Askvik, og dagleg leiari i AKKS, Eilen Kathinka Markussen. På dette møtet vart UKM i Hordaland diskutert og vidare om moglegheitene med AKKS som teknisk arrangør under fylkesmønstringa i 2015. Avtaleforslaget som vart presentert for Hbur vart også vist til AKKS. I epost (27.11.14) stadfesta AKKS at dei ønskjer å godta avtalen med honoraret på 100 000 kroner.

AKKS har gjennom fleire år markert seg som ein arrangør med ungdom som målgruppe. Dei har kontor på USF Verftet og driv fem øvings- og kurslokalar. Sidan 2001 har AKKS arrangert Eggstockfestivalen, ein rockefestival for unge og utetablerte band i Hordaland. Festivalen er unik samanlikna med andre musikkfestivalar ettersom Eggstockfestivalen har tradisjonar tilbake til 60-talet i Bergen som eit springbrett for unge musikkarar. Vidare er festivalen tilgjengeleg for alle musikkinteresserte publikummarar ved at billettprisen er lav og det ikkje er nokon aldersgrense. I 2013 starta AKKS opp ein ny konsertserie for og av ungdom med namnet «UFLAKKS». Konsertserien har fri aldersgrense og vert arrangert av ei gruppe på 11 ungdommar med ei stor interesse for musikk som ønskjer å lære korleis ein arrangerer konserter. Arrangørgruppa vert administrert av AKKS Bergen og organisasjonen sin arrangementsansvarlege har hovudansvaret for opplæring av ungdommane innan marknadsføring, økonomi, booking, produksjon, og har i tillegg ansvaret for heile gjennomføringa av konsertane.

Konklusjon

Anskaffinga av oppdraget som teknisk arrangør av UKM har ein samla verdi på 100 000 kroner som er under nasjonal terskel. Saka skal difor handsamast etter del I i forskrift til lov om offentlege anskaffingar. I utgangspunktet vil det vera rett å kontakte minst tre aktørar med førespurnad om tilbod. Ved dette høvet er det to aktørar som har vore vurdert, Hordaland barne- og ungdomsråd (som tidlegare har hatt oppdraget) og AKKS. Årsaka til dette er at det så langt vi har kunne sjå, eksisterer det ikkje nokon andre aktørar innan det organiserte frivillige kulturfeltet som har ein slik unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet.

Etter ei grundig vurdering er det ønskjeleg å inngå avtale om samarbeid med AKKS som teknisk arrangør for året 2015. AKKS har lang erfaring og høg arrangørkompetanse. For gjennomføringa av fylkesmønstringa 2015, og arbeidet med nytenking, er det eit trygt val å inngå avtale om samarbeid med AKKS. Med tanke på kor viktig det er for deltakarane at det vert gjennomført eit godt arrangement meiner vi at AKKS vil vere den samarbeidspartner med høgast kompetanse på denne type gjennomføring.

Hausten 2015 vil Hordaland fylkeskommune vurdere kven som skal vere teknisk arrangør for fylkesmønstringa 2016. Det vil då igjen vere aktuelt å vurdere fleire samarbeidspartnarar.